

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293
(merk: trusopplæring)

Velkomen til T₁₀-dag

i Vangskyrkja
onsdag 11. februar
kl 17:00-19:00



BØRN OG UNGDOM I OSLO
KIRKE

T₁₀

Velkommen til **T₁₀** - dag!

Nokon gonger er me lei oss, andre gonger er me **glade**.
Nokon gonger vil me vere åleine, andre gonger er det godt å
vere **saman**. Det er godt både å få trøyst og å vere den som
trøystar. Alt dette er sjølve **livet**

Me inviterer deg til å være med på ei stemningsfull
kveldsvandring i Vangskyrkja.

Me skal samla **perler** som til saman vert **livets krans**,
også kalla Kristuskransen.

Til slutt kosar me oss med **pizzabollar** og saft.

Gje beskjed:

- om barnet treng spesiell tilrettelegging
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan nyttast til Kyrkjenytt, facebook og kyrkja sine nettsider.

Påmeldingsperiode fram til 08.02., via skjema på www.voss.kyrkja.no eller scan denne Qr-koden og kom rett til skjemaet. Avgrensa plassar.



For spørsmål, ta kontakt med Rønnaug Skjeldal,
952 62 025